


# FANGST OG SKJELLPRØVAR I FRØYSETELVA

## Status for laks og sjøaure i Frøysetelva

I perioden 1993 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 30 laks med snittvekt på 2,9 kg og 231 sjøaurar med snittvekt på 0,9 kg. Villaksen har vore freda sidan tidleg på 1990-talet, men frå 2003 vart det opna for ordinært laksefiske i vassdraget, og det vart då registrert ein fangst på 78 laks (snittvekt: 1,7 kg) og 236 sjøaure (snittvekt: 0,9 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Frøysetvassdraget i perioden 1993-2003. Frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). I 2002 var det ein del usortert materiale (blå søyle). Frøysetelva vart opna for ordinært laksefiske i 2003.

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks i skjellmaterialet har variert mellom 44 og 100 % før 2003, (tabell 1). I 2003 vart det opna for fritt fiske etter villaks, og ein andel rømd oppdrettslaks på 14,7 % er nærare det reelle enn dei høge tala for tidlegare år.

TABELL 1. Antal skjellprøvar frå Frøysetelva 1999-2003 og andel rømd oppdrettslaks. NB! Villaksen var freda t.o.m 2002

| År     | Antal skjell |      |          |        | Rømd oppdrett (%) |
|--------|--------------|------|----------|--------|-------------------|
|        | Laks         | Aure | Regnboge | Totalt |                   |
| 1999   | 2            | 28   | 2        | 32     | 100,0             |
| 2000   | 3            | 39   | 0        | 42     | 100,0             |
| 2001   | 9            | 11   | 7        | 27     | 44,4              |
| 2002   | 4            | 14   | 5        | 23     | 50,0              |
| 2003   | 34           | 26   | 8        | 68     | 14,7              |
| Totalt | 52           | 118  | 22       | 192    | 61,8              |

Av dei 32 villaksane i materialet som kunne aldersbestemast var 25 smålaks og 7 mellomlaks (tabell 2). Smålaksane var om lag like store som i andre elvar, medan mellomlaksane var litt mindre enn det som er vanleg.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt for dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Frøysetelva 1999-2003.

| Smolt      |            | Sjøalder (vintrar)   |                      |
|------------|------------|----------------------|----------------------|
| Alder (år) | Lengd (cm) | 1                    |                      |
|            |            | Lengd / vekt (antal) | Lengd / vekt (antal) |
| 2,2        | 13,8       | 57 cm / 1,7 kg (25)  | 77 cm / 4,4 kg (7)   |

Sjøaurane hadde vore 2-8 somrar i sjøen, og var 33-67 cm og 0,4-2,2 kg då dei vart fanga (tabell 3). Om lag 25 % av sjøaurane hadde vore mellom 20 og 30 cm som smolt, noko som indikerer at dei har hatt 1-2 år i innsjøar i vassdraget før dei gjekk ut som smolt. Innsjøane i vassdraget ser såleis ut til å kunna vera viktige oppvekstområde for sjøaurebestanden.

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysar av sjøaureskjell frå Frøysetelva 1999-2003

| Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smolt-alder (år) | Smolt-lengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|-------|------------|-----------|------------------|------------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| 118   | 43         | 0,9       | 2,8              | 17,9             | 3,5               | 10,8                   | 7,8                    | 5,6                    |



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

Skjell 2003

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I ANDVIKVASSDRAGET

## Status for laks og sjøaure i Andvikvassdraget

I perioden 1995 til 2003 er det registrert fangst av sjøaure tre av åra, og gjennomsnittleg årsfangst desse åra var 29 sjøaurar med snittvekt på 1,1 kg. I 2003 vart det registrert fangst av 45 sjøaure med ei snittvekt på 0,6 kg (**figur 1**). I høve til den offisielle fangststatistikken for perioden 1969-2003 har det berre vore fanga ein laks i vassdraget (i 2002)



FIGUR 1. Fangst i antal (søylor) og snittvekt i kg (linje/punkt) av sjøaure i Andvikvassdraget i perioden 1995-2003.


## Analyse av skjellprøvar

Til saman vart skjellprøvar frå 31 sjøaurar undersøkt. Dei 25 fiskane som hadde leselege skjell hadde vore 2-8 somrar i sjøen, og var 26-57 cm og 0,2-1,8 kg då dei vart fanga (**tabell 1**). Nokre av fiskane var så store som smolt at det er sannsynleg at dei har hatt ein veksteperiode i eitt av dei to vatna i vassdraget før dei har gått ut i sjøen. Innsjøane i vassdraget er truleg viktige oppvekst-område for denne sjøaurebestanden. Veksten i sjø er 1-4 cm dårlegare per år enn det ein ser for mange andre sjøaurebestandar på Vestlandet (**figur 2**).

TABELL 1. Oppsummering av resultat frå analysar av sjøaureskjell frå Andvikelva i 2003

| Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smolt-alder (år) | Smolt-lengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|-------|------------|-----------|------------------|------------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| 31    | 39         | 0,6       | 2,6              | 13,9             | 4,1               | 9,9                    | 8,0                    | 4,1                    |

FIGUR 2. Gjennomsnittleg vekst for 25 sjøaurar som var fanga i Andvikvassdraget i 2003



# FANGST OG SKJELLPRØVAR I ROMARHEIMSELVA

## Status for laks og sjøaure i Romarheimselva

Det er ikkje ført fangststatistikk for Romarheimselva, og elva har vore totalfreda sidan 1993. I 2003 vart det opna for eit avgrensa fiske, og det vart då registrert ein fangst på 140 sjøaurar, med ei snittvekt på 0,5 kg.

## Analyse av skjellprøvar


Til saman vart skjellprøvar frå 21 sjøaurar undersøkt, to av desse viste seg å vera laks (**tabell 1**). Dei 18 sjøaurane som hadde leselege skjell hadde vore 2-7 somrar i sjøen, og var 37-55 cm og 0,5-1,8 kg då dei vart fanga.

Begge dei to laksane var villfisk, hadde gått ut i sjøen etter tre år i elva, og kome att etter ein vinter i sjøen. Det er uråd å sei om desse laksane er fødte i Romarheimselva, det er mogleg dei hadde feilvandra, og då truleg helst frå Modalselva, Vosso eller Daleelva.

Normalt veks laks litt seinare enn aure i elva, men vesentleg raskare enn aure i sjøen. **Figur 1** viser at dette også er tilfelle for dei fiskane som vart fanga i Romarheimselva.

TABELL 1. Oppsummering av resultat frå analysar av lakse- og sjøaureskjell frå Romarheimselva i 2003.

| Art     | Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smolt-alder (år) | Smolt-lengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|---------|-------|------------|-----------|------------------|------------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| Sjøaure | 19    | 41         | 0,7       | 2,7              | 14,5             | 3,2               | 14,0                   | 8,0                    | 4,8                    |
| Laks    | 2     | 52         | 1,1       | 3,0              | 12,3             | 2,0               | 31,6                   | -                      | -                      |



FIGUR 1. Gjennomsnittleg vekst for 18 sjøaurar og 2 laksar som vart fanga i Romarheimselva i 2003.



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I MODALSELVA

## Status for laks og sjøaure i Modalselva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 12 laks med snittvekt på 4,3 kg og 245 sjøaurar med snittvekt på 1,2 kg (figur 1). I 2003 vart det fanga 10 laks (snittvekt: 3,3) og 204 sjøaure (snittvekt: 1,1 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Modalselva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks i skjellmaterialet har variert mellom 17 og 86 %, snitt for heile perioden er 50 % (tabell 1).

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sportsfisket i Modalselva 1999-2003.

| År     | Antal skjell |      |              |        | Rømd oppdrett (%) |
|--------|--------------|------|--------------|--------|-------------------|
|        | Laks         | Aure | Regnbogeaure | Totalt |                   |
| 1999   | 13           | 69   |              | 82     | 53,8              |
| 2000   | 10           | 13   |              | 23     | 40,0              |
| 2001   | 6            | 12   | 1            | 19     | 16,7              |
| 2002   | 9            | 86   |              | 95     | 55,6              |
| 2003   | 7            | 107  |              | 114    | 85,7              |
| Totalt | 45           | 287  | 1            | 333    | 50,4              |

Av dei 22 villaksane i det samla materialet var 15 ein-sjøvinterlaks, 6 to-sjøvinterlaks og ein tre-sjøvinterlaks (tabell 2). Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd var 2,7 år og 13,3 cm. Sjøveksten er om lag som det ein ser i andre villaksbestandar, med unntak av at tre-sjøvinterlaksen hadde vakse svært dårleg. Denne fisken kan vera ein hybrid (krysning) mellom laks og sjøaure.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Modalselva 1999-2003.

| Smolt      |            | Sjøalder (vintrar)   |                      |                      |
|------------|------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Alder (år) | Lengd (cm) | 1                    | 2                    | 3                    |
|            |            | Lengd / vekt (antal) | Lengd / vekt (antal) | Lengd / vekt (antal) |
| 2,7        | 13,3       | 57 cm / 1,8 kg (15)  | 81 cm / 5,5 kg (6)   | 73 cm / 4,5 kg (1)   |

Sjøaurane hadde vore 2-9 somrar i sjøen, og var 35-77 cm og 0,4-4,2 kg då dei vart fanga (tabell 3). Sjøveksten er om lag som for andre sjøaurebestandar på Vestlandet.

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysar av sjøaureskjell frå Modalselva 1999-2003.

| Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smolt-alder (år) | Smolt-lengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|-------|------------|-----------|------------------|------------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| 287   | 47         | 1,2       | 3,1              | 15,1             | 3,7               | 13,4                   | 10,7                   | 7,5                    |

Villaksen fanga i Modalselva har lågare smoltalder enn sjøauren. Normalt er det omvendt, og dette kan tyda på at laksane har vakse opp i ei varmare elva enn Modalselva, t.d. Vosso.

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I EKSO

## Status for laks og sjøaure i Ekso

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 33 laks med snittvekt på 6,1 kg og 58 sjøaurar med snittvekt på 1,2 kg. I 2003 var registrert fangst 30 laks (snittvekt: 4,0 kg) og 94 sjøaure (snittvekt: 0,9 kg). Villaksen har vore freda sidan tidleg på 1990-talet, så fangstane dei siste åra er rømd oppdrettslaks.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Ekso i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). NB! Villaksen har vore freda sidan tidleg på 1990-talet.

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks i skjellmaterialet har variert mellom 79 og 89 % (tabell 1). Sidan villaksen er freda i Ekso, er ikkje andelen rømd oppdrettslaks reell. Av dei villaksane som det er teke prøvar av, var to feilaktig vurdert å vera oppdrettslaks, medan tre var vurdert å vera sjøaure.

TABELL 1. Antal skjellprøvar frå Ekso 1999-2003 og andel rømd oppdrettslaks.

| År     | Antal skjell |      |          | Totalt | Rømd oppdrett (%) |
|--------|--------------|------|----------|--------|-------------------|
|        | Laks         | Aure | Regnbøge |        |                   |
| 1999   | 24           | 25   | 1        | 50     | 87,5              |
| 2000   | 12           | 34   | 2        | 48     | 83,3              |
| 2002   | 0            | 0    | 0        | 0      | -                 |
| 2002   | 9            | 1    | 0        | 10     | 88,9              |
| 2003   | 14           | 17   | 0        | 31     | 78,6              |
| Totalt | 59           | 77   | 3        | 139    | 84,6              |

Av dei 8 sikre villaksane var 7 stk. ein-sjøvinterlaks og 1 stk. to-sjøvinterlaks. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd var 2,6 år og 12,2 cm (tabell 2).

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av villaks i skjellmaterialet frå Ekso 1999-2003.

| Smolt      |            | Sjøalder (vintrar)   |                      |
|------------|------------|----------------------|----------------------|
| Alder (år) | Lengd (cm) | 1                    | 2                    |
|            |            | Lengd / vekt (antal) | Lengd / vekt (antal) |
| 2,6        | 12,2       | 59 cm / 2,0 kg (7)   | 89 cm / 7,1 kg (3)   |

Sjøaurane hadde vore 1-8 somrar i sjøen, og var 28-70 cm og 0,3-3,2 kg då dei vart fanga (tabell 3). Veksten i sjø er om lag som for andre sjøaurebestandar på Vestlandet.

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysar av sjøaureskjell frå Ekso 1999-2003.

| Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smoltalder (år) | Smoltlengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|-------|------------|-----------|-----------------|-----------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| 77    | 45         | 1,1       | 3,0             | 15,0            | 3,7               | 12,5                   | 10,2                   | 7,5                    |

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I VOSSO

## Status for laks og sjøaure i Vosso

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 140 laks med snittvekt på 8,5 kg og 163 sjøaurar med snittvekt på 1,3 kg (**figur 1**). I 2003 var registrert fangst 12 laks (snittvekt: 3,8 kg) og 496 sjøaure (snittvekt: 1,0 kg). Villaksen har vore freda f.o.m 1992.



FIGUR 1. Fangst i antal (søylar) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Vosso (inkludert Bolstadelva og Teigdalselva) i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

## Analyse av skjellprøvar 2000-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks har variert mellom 75 og 100 % (**tabell 1**). Sidan villaksen har vore freda i heile perioden, og det berre har vore lov å ta på land rømd oppdrettslaks, er andelen rømd fisk ikkje representativ for innsiget til elva. I skjellmaterialet frå stamfisket i 2000 var innslaget av rømd oppdrettslaks 75 % (6 av 8).

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sports- og stamfisket i Vosso 2000-2003.

| År     | Sportsfiske |      |        | Rømd oppdrett (%) | Stamfiske  |                   |
|--------|-------------|------|--------|-------------------|------------|-------------------|
|        | Laks        | Aure | Totalt |                   | Antal laks | Rømd oppdrett (%) |
| 2000   | 0           | 1    | 1      | -                 | 8          | 75,0              |
| 2001   | 3           | 0    | 3      | 100,0             | -          | -                 |
| 2002   | 6           | 13   | 19     | 100,0             | -          | -                 |
| 2003   | 4           | 36   | 40     | 75,0              | -          | -                 |
| Totalt | 13          | 50   | 63     | 91,7              | 8          | 75,0              |

Sjøaurane hadde vore 2-7 somrar i sjøen, og var 35-68 cm og 0,5-4,8 kg då dei vart fanga (**tabell 2**). Veksten i sjø er dårlegare enn det ein ser for dei fleste andre sjøauebestandar på Vestlandet.

TABELL 2. Oppsummering av resultat frå analysar av sjøaureskjell frå Vosso 2000-2003.

| Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smolt-alder (år) | Smolt-lengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|-------|------------|-----------|------------------|------------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| 50    | 49         | 1,3       | 3,0              | 16,5             | 4,5               | 9,5                    | 8,0                    | 6,7                    |



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

Skjell 2003

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I DALEELVA

## Status for laks og sjøaure i Daleelva i Vaksdal

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 68 laks med snittvekt på 3,3 kg og 292 sjøaurar med snittvekt på 0,8 kg. I 2003 var registrert fangst rekordhøge 362 laks (snittvekt: 3,3 kg) og 843 sjøaure (snittvekt: 0,9 kg)



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Daleelva i Vaksdal i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks har variert mellom 15 og 38 %, snitt for perioden er 26,5 % (tabell 1). Ved stamfisket i åra 2000-2003 har innslaget av rømd oppdrettslaks vore mellom 2 og 33 %. Det kan vera vanskeleg å skilja tidleg rømd oppdrettslaks frå utsett smolt, og etter som all usikker fisk vert vurdert som utsett, er andelen rømd oppdrettslaks i materialet eit absolutt minimumstal.

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sports- og stamfisket i Daleelva i Vaksdal 99-03

| År     | Sportsfiske  |      |        | Rømd oppdrett (%) | Stamfiske  |                   |
|--------|--------------|------|--------|-------------------|------------|-------------------|
|        | Antal skjell |      |        |                   | Antal laks | Rømd oppdrett (%) |
|        | Laks         | Aure | Totalt |                   |            |                   |
| 1999   | 209          | 117  | 326    | 18,2              | -          | -                 |
| 2000   | 187          | 116  | 303    | 14,4              | 45         | 2,2               |
| 2001   | 82           | 121  | 203    | 37,8              | 46         | 2,2               |
| 2002   | 157          | 236  | 393    | 33,1              | 37         | 8,1               |
| 2003   | 309          | 328  | 637    | 29,1              | 82         | 32,9              |
| Totalt | 635          | 918  | 1862   | 26,5              | 210        | 11,4              |

Laksen i Daleelva går ut etter ca. 3 år i elva og fleirtalet kjem att som smålaks etter ein vinter i sjøen, andelen 1-sjøvinterlaks (tilsvarar ca "smålaks" i fangststatistikken) varierer mellom 60 og 70 % (figur 1). Dei fleste oppdrettslaks havnar i mellomlaksgruppa i fangststatistikken og gjer denne storleikskategorien kunstig høg.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt for dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Daleelva i Vaksdal 1999-2003.

| År     | Smolt      |            | Sjøalder (vintrar)        |                           |                                |
|--------|------------|------------|---------------------------|---------------------------|--------------------------------|
|        | Alder (år) | Lengd (cm) | 1<br>Lengd / vekt (antal) | 2<br>Lengd / vekt (antal) | 3 og 4<br>Lengd / vekt (antal) |
| 1999   | 3,1        | 15,0       | 59 cm / 1,9 kg (156)      | 80 cm / 5,0 kg (11)       | -                              |
| 2000   | 2,8        | 14,8       | 59 cm / 1,9 kg (108)      | 83 cm / 5,5 kg (82)       | 93 cm / 8,3 kg (5)             |
| 2001   | 2,7        | 14,7       | 60 cm / 2,0 kg (39)       | 81 cm / 5,2 kg (36)       | 95 cm / 9,0 kg (10)            |
| 2002   | 2,8        | 14,7       | 58 cm / 1,8 kg (103)      | 82 cm / 5,5 kg (23)       | 92 cm / 7,4 kg (3)             |
| 2003   | 2,8        | 15,6       | 59 cm / 1,6 kg (188)      | 81 cm / 5,0 kg (69)       | 95 cm / 8,5 kg (7)             |
| Totalt | 2,8        | 15,0       | 59 cm / 1,9 kg (594)      | 81 cm / 5,2 kg (221)      | 93 cm / 8,3 kg (25)            |

Sjøaurane hadde vore 1-8 somrar i sjøen og var 28-77 cm og 0,2-4,2 kg då dei vart fanga (tabell 3).

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysar av sjøaureskjell frå Daleelva i Vaksdal 1999-2003.

| Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smolt-alder (år) | Smolt-lengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|-------|------------|-----------|------------------|------------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| 919   | 45         | 1,0       | 2,7              | 15,6             | 3,7               | 12,7                   | 10,0                   | 7,0                    |



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

Skjell 2003

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I LONEELVA

## Status for laks og sjøaure i Loneelva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 332 laks med snittvekt på 1,8 kg og 217 sjøaurar med snittvekt på 0,7 kg. I 2003 vart det fanga 802 laks (snittvekt: 2,0) og 393 sjøaure (snittvekt: 0,7 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Loneelva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

## Analyse av skjellprøvar

Me mottok skjellprøvar frå 135 laks, 6 sjøaure og 1 regnbogeaure frå sportsfisket i 2003. Mellom laksane var 13 rømde oppdretslaks (9,6 %, **tabell 1**).

Av dei 122 villaksane var 108 ein-sjøvinterlaks (88 %), 13 to-sjøvinterlaks (11 %) og ein tre-sjøvinterlaks (1 %, **tabell 1**). Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd var 2,1 år og 14,2 cm. Sjøveksten er om lag som det ein ser i andre villaksbestandar.

TABELL 1. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Loneelva i 2003.

| Smolt      |            | Sjøalder (vintrar)   |                      |                      |
|------------|------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Alder (år) | Lengd (cm) | 1                    | 2                    | 4                    |
|            |            | Lengd / vekt (antal) | Lengd / vekt (antal) | Lengd / vekt (antal) |
| 2,1        | 14,2       | 57 cm / 1,6 kg (108) | 76 cm / 4,0 kg (13)  | 102 cm / 10,5 kg (1) |

Sjøaurane hadde vore 3 og 4 somrar i sjøen, og var 40-53 cm og 0,5-1,2 kg då dei vart fanga (**tabell 2**). Veksten første året i sjøen er noko betre enn det ein ser for dei fleste andre sjøaurebestandar på Vestlandet.

TABELL 2. Oppsummering av resultat frå analysar av sjøaureskjell frå Loneelva i 2003.

| Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smolt-alder (år) | Smolt-lengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|-------|------------|-----------|------------------|------------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| 6     | 46         | 0,9       | 2,3              | 16,6             | 3,2               | 16,5                   | 8,6                    | 4,8                    |

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)



# FANGST OG SKJELLPRØVAR I STORELVA

## Status for laks og sjøaure i Storelva i Arna

I perioden 1988 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 84 laks med snittvekt på 3,4 kg og 132 sjøaurar med snittvekt på 0,9 kg. I 2003 var registrert fangst heile 273 laks (snittvekt: 3,8 kg) og 190 sjøaure (snittvekt: 1,0 kg)



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Storelva i Arna i perioden 1988-2003. Fram til 1992 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks har variert mellom 30 og 45 %, snitt for perioden er 34 % (tabell 1). Ved stamfisket i 2001 var innslaget av rømd oppdrettslaks 13 %.

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sports- og stamfisket i Storelva i Arna 1999-2003.

| År     | Sportsfiske  |      |        | Rømd oppdrett (%) | Stamfiske  |                   |
|--------|--------------|------|--------|-------------------|------------|-------------------|
|        | Antal skjell |      |        |                   | Antal laks | Rømd oppdrett (%) |
|        | Laks         | Aure | Totalt |                   |            |                   |
| 1999   | 17           | 14   | 31     | 35,3              | -          | -                 |
| 2000   | 44           | 15   | 59     | 45,5              | 15         | 13,3              |
| 2001   | 40           | 10   | 50     | 32,5              | -          | -                 |
| 2002   | 33           | 9    | 42     | 30,3              | -          | -                 |
| 2003   | 66           | 1    | 67     | 24,2              | -          | -                 |
| Totalt | 200          | 49   | 249    | 33,6              | 15         | 13,3              |

Dei fleste "Arna-laksane" går ut etter to-tre år i elva og kjem att som smålaks etter ein vinter i sjøen, andelen 1-sjøvinter-laks varierer mellom 60 og 70 % (figur 1; tabell 2). Dei fleste oppdrettslaks havnar i mellomlaksgruppa i fangststatistikken og gjer denne storleikskategorien kunstig høg.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt for dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Storelva i Arna 1999-2003.

| År     | Smolt      |                      | Sjøalder (vintrar)   |                      |                    |
|--------|------------|----------------------|----------------------|----------------------|--------------------|
|        | Alder (år) | Lengd (cm)           | Sjøalder (vintrar)   |                      |                    |
|        |            |                      | 1                    | 2                    | 3 og 4             |
|        |            | Lengd / vekt (antal) | Lengd / vekt (antal) | Lengd / vekt (antal) |                    |
| 1999   | 2,5        | 13,1                 | 59 cm / 1,7 kg (8)   | 91 cm / 6,5 kg (1)   | 90 cm / 7,5 kg (2) |
| 2000   | 2,4        | 16,0                 | 63 cm / 2,2 kg (24)  | 85 cm / 5,7 kg (9)   | 98 cm / 9,5kg (3)  |
| 2001   | 2,2        | 13,9                 | 56 cm / 1,7 kg (12)  | 74 cm / 3,4 kg (8)   | -                  |
| 2002   | 2,1        | 13,9                 | 62 cm / 2,0 kg (13)  | 80 cm / 5,1 kg (7)   | 84 cm / 5,3 kg (1) |
| 2003   | 2,2        | 15,7                 | 63 cm / 2,1 kg (21)  | 84 cm / 5,2 kg (25)  | 98 cm / 8,0 kg (1) |
| Totalt | 2,3        | 14,4                 | 61 cm / 1,9 kg (78)  | 83 cm / 5,2 kg (50)  | 92 cm / 7,6 kg (7) |

Sjøaurane hadde vore 2-5 somrar i sjøen, og var 35-55 cm og 0,5-1,8 kg då dei vart fanga (tabell 3). Veksten i sjø er om lag som for dei fleste andre sjøauebestandar på Vestlandet.

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysar av sjøaureskjell frå Storelva i Arna 1999-2003.

| Antal | Lengd (cm) | Vekt (kg) | Smolt-alder (år) | Smolt-lengd (cm) | Sjøalder (somrar) | Vekst 1. år i sjø (cm) | Vekst 2. år i sjø (cm) | Vekst 3. år i sjø (cm) |
|-------|------------|-----------|------------------|------------------|-------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| 49    | 45         | 1,0       | 2,5              | 15,8             | 3,1               | 14,6                   | 9,6                    | 6,5                    |

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I OSELVA

## Status for laks og sjøaure i Oselva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 142 laks med snittvekt på 2,4 kg og 293 sjøaurar med snittvekt på 0,8 kg. I 2003 var fangsten 361 laks (snittvekt: 2,6 kg) og 482 sjøaure (snittvekt: 1,1 kg)



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Oselva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå -93 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Blå søyler: Usortert materiale 2001-02.

## Analyse av skjellprøvar 2000-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks har variert mellom 11 % i 2000 og 54 % i 2002, snitt for alle åra er 26,9 % (tabell 1). Det er indikasjonar på at det er ganske mykje blanding av laks og sjøaure (hybridisering) i Oselva, og sjølv om det var særleg uttrykt i 2000 er det truleg at det er hybridlar i skjellmaterialet også frå dei andre åra.

TABELL 1. Antal undersøkte skjellprøvar frå Oselva 2000-2003 og andel rømd oppdrettslaks.

| År     | Antal skjell |      |          |          | Totalt | Rømd oppdrett (%) |
|--------|--------------|------|----------|----------|--------|-------------------|
|        | Laks         | Aure | Hybrid ? | Regnboge |        |                   |
| 2000   | 316          | 211  | 19       | 12       | 558    | 17,1              |
| 2001   | 324          | 237  | 0        | 4        | 565    | 11,4              |
| 2002   | 122          | 129  | 0        | 2        | 253    | 54,1              |
| 2003   | 121          | 184  | 0        | 0        | 305    | 24,8              |
| Totalt | 883          | 761  | 19       | 18       | 1682   | 26,9              |

